

Referat frå styremøte nr. 6, 2014

Dato: 19.09.2014

Tid: 10.00 – 14.00

Stad: Hotel Waterfront Ålesund

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Anders Riise, Hareid kommune

Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune

Styremedlem Arild Iversen, Volda kommune

Styremedlem Synnøve Synnes, Ørskog kommune

Styremedlem Jarle Bjørn Hanken, Ålesund kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Anne Mette Liavaag

Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Forfall:

Nestleiar Geir Ove Vegsund, Sula kommune

Styremedlem Eva Kristin Fjørtoft, Sandøy kommune

Varamedlem Bjørn Inge Ruset, Norddal kommune

Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune

Varamedlem Jan Berset, Ulstein kommune

Refent:

Vegard Sperre Austnes

Dato:

19.09.2014

Sak 38/2014: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.

Ved styreleiar Anders Riise

Den nye styreleiaren ønska velkomen til møtet. Innkallinga til møtet vart godkjent.

Styreleiar sa at han ønskjer effektive og vel førebudde styremøter. Opplegget for styremøta vert det same som før, og ein held fram med møter fredagar kl. 10.00.

Styreleiar og dagleg leiar var samde om at styreleiar er den som uttalar seg politisk på vegne av Sunnmøre regionråd. Administrasjonen kan uttale seg der det passer seg slik.

Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 39/2014: Godkjenning av referatet frå forrige styremøte (nr. 5-2014) 05.06.2014

Ved styreleiar Anders Riise

Referatet frå forrige styremøte vart godkjent.

Sak 40/2014: Korte orienteringar om oppfølging av saker.

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om at Nils Magne Abelseth er tilsett i mellombels stilling som pedagogisk koordinator i Sunnmøre regionråd (jf styresak 36/2014). Det var 12 søkjarar til stillinga.

Dagleg leiar orienterte om at Fylkesmannen i Møre og Romsdal yter tilskot med kr. 500.000,- til finansiering av prosjektet Mission Possible – Vern av barn. Dermed er finansiering på plass for resten av 2014 (jf. styresak 37/2014).

Dagleg leiar orienterte om at han (jf. styresak 34/2014) har vore i kontakt med parlamentarisk leiar i FrP Harald Tom Nesvik vedkomande Sunnmøre sonings- og kompetansesenter. Førebels er det ikkje teke kontakt med Romsdal regionråd (ROR) for å diskutere saka. Ein vil vente med dette til ny stortingsmelding om kapasiteten i kriminalomsorga ligg føre seinare i haust.

Dagleg leiar orienterte om at ein tek sikte på å legge fram eit budsjett for 2015 på styremøtet 14. november 2014.

Dagleg leiar orienterte om at han har vore i dialog med medlem i ekspertutvalet for kommunereforma Halvor Holmli om å delta på representantskapsmøtet 28. november for å presentere sluttrapporten frå ekspertutvalet.

Sak 41/2014: Om Sunnmøre regionråd sitt arbeid med kommunereforma. Ved rådgivar og prosjektleiar Anne Mette Liavaag

Prosjektleiar orienterte om at det til Arena Sunnmøre torsdag 25. september 2014 er påmeldt 183 deltakarar. Alle medlemskommunane, samt fylkesmannen og fylkeskommunen, er representert. Hovudmålgruppa på konferansen er medlemmane av formannskapa i kommunane.

Vidare orienterte prosjektleiar om at jf. vedtak i representantskapet i januar 2014 fekk administrasjonen i regionrådet til oppgåve å utforme eit utfordringsnotat. Det har vore gjennomført ein offentleg anskaffelse der ein fekk inn tre tilbod. BDO vann. Dei deltek på representantskapsmøtet 26. september 2014. BDO ønskjer ei styringsgruppe som kan kome med innspel under arbeidet med utfordringsnotatet.

Når det gjeld undersøkinga om innbyggjarane i kommunane sine syn på kommunereforma, har Sentio intervjuet 2000 personar: 200 frå store kommunar og 100 frå små kommunar. Liavaag presenterte nokre tal frå undersøkinga for styret. Tala , som gir ein peikepinn på folkemeininga, vert offentleggjort i samband med Arena Sunnmøre.

Prosjektleiar orienterte om at administrasjonen har lagt ut ein konkurranse på Doffin om 40 studieplassar innan innovasjon kopla mot kommunereforma.

Styret gjorde vedtak i tråd med framlegget frå administrasjonen.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande. Styret vert styringsgruppe for arbeidet med å lage utfordringsnotat. Styret ber om at det vert utarbeidd ein plan for regionrådet sitt arbeid med kommunereforma i 2015.

Sak 42/2014: Oppnemning av representantar frå Sunnmøre regionråd til forhandlingsutvalet ved reforhandling av samarbeidsavtalane mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane hausten 2014. Ved rådgivar Vegard Sperre Austnes

KS ved Gunnar Bendixen ber i henvending til regionråda i Møre og Romsdal 27.08.2014 om at regionråda oppnemner representantar til forhandlingsutvalet ved reforhandling av samarbeidsavtalane mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane hausten 2014.

Ved forrige reforhandling i 2013 var regionrådet representert ved kommuneoverlege i Volda kommune og Ørsta kommune Arne Gotteberg og kommuneadvokat i Ålesund kommune Olav Aarø. Begge har sagt seg villig til å representere regionrådet i forhandlingsutvalet også i 2014.

Styret gjorde vedtak i tråd med framlegget frå administrasjonen.

Vedtak: Styret oppnemner kommuneoverlege Arne Gotteberg og kommuneadvokat Olav Aarø som Sunnmøre regionråd sine representantar i forhandlingsutvalet.

Sak 43/2014: Forslag til felles uttale frå Sunnmøre regionråd til høyringa om nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal (SNR). Ved rådgivar Vegard Sperre Austnes

Helse Møre og Romsdal har no på høyring idèfaser rapporten i samband med planlegging av nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal. Høyringsdokumenta ligg ute på helseføretaket si heimeside. Høyringsfristen er 7. oktober 2014.

Samhandlingsgruppa i regionrådet har sett ned ei arbeidsgruppe som har utforma eit framlegg til høyringsuttale frå Sunnmøre regionråd. Arbeidsgruppa har bestått av Liv Stette, Håvard Overå, Arne Gotteberg, Kjetil Fylling og Vegard Sperre Austnes.

Arbeidsgruppa sitt framlegg til høyringsuttale var sendt ut til styremøtet. Styremedlem Arild Iversen fremma til styremøtet eit alternativt framlegg til uttale, og viste samstundes til Fylkesutvalet si handsaming av høyringa.

Ved voteringa i styret fekk Iversen sitt framlegg fleirtal (3-2).

Vedtak: Styret vedtek Arild Iversen sitt forslag til høyringsuttale. Styret sender saka vidare til representantskapet. Framlegget til Iversen er styret si innstilling til representantskapet.

Sak 44/2014: Oppfølging av styresak 35/2014 om Sunnmøre i framtida. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og rådgivar og prosjektleiar Anne Mette Liavaag

Styret traff i sak 35/2014 følgjande vedtak: «*Styret ber administrasjonen presentere ei oversikt over vedtak og aktivitetar i prosjektet på neste styremøte. Vidare ber styret administrasjonen kontakte moglege samarbeidspartnarar for å avklare interesse for deltaking i prosjektarbeid for å følgje opp Sunnmøre i framtida. Saka skal handsamast på rådmannsmøtet 5. september før den vert teken opp på neste styremøte 19. september 2014.*»

Til styremøtet var det sendt ut notat med oppsummering av vedtak og aktivitetar, samt referat frå rådmannsmøtet 5. september 2014 med meir.

Styret gjorde vedtak i tråd med framlegget frå administrasjonen med følgjande tillegg: Styret ber om at Sunnmøre regionråd vert arena for ei sak om senterstrukturplan.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande. Styret ber om at administrasjonen tek initiativ til eit felles møte mellom samarbeidspartnarane i Sunnmøre i framtida-prosjektet for å drøfte mogleg samarbeid om oppfølging av prosjektet.

Styret ber om at Sunnmøre regionråd vert arena for ei sak om senterstrukturplan.